



Asplan Viak AS
Postboks 2304
5824 BERGEN

Dato: 15.06.2016
Vår ref.: 2016/5316-4
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av planarbeid - Alverflaten næringsområde sør - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 26.05.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Alverflaten næringsområde sør, gnr 137, brn 23 m.fl Lindås kommune. Hovudføremålet med reguleringa er næring. Føremålet er i hovudsak i samsvar i kommunedelplan for Knarvik og Alversund der området er sett av til næring. Delar av planområdet er i kommunedelplanen sett av til LNF område. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Vi minner om forskrift til konsekvensutgreiingar for planar etter plan –og bygningslova. Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing for planer som fell inn under forskriftas §2 punkt f «*reguleringsplaner som fastesetter tiltak i vedlegg I*».

I vedlegg I punkt 1 er det krav om konsekvensutgreiing dersom der er snakk om «*industribygg, næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmenntilgjenglege formål med et bruksareal på mer enn 15 000m² eller som omfattar et planområde på mer enn 15 dekar*».

I oppstartsmeldinga til planen vert det opplyst om at det er vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing då føremålet er i samsvar med overordna plan. Vi viser til forskrifta og rår til at kommunen gjer ein meir detaljert vurdering om det er naudsynt med konsekvensutgreiing for området.

I det vidare planarbeidet vil vi leggje serleg vekt på:

- Ros
- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Næringsutvikling

Meir om areal og transport

Samordna areal og transport skal sikre Hordaland eit effektivt og funksjonelt utbyggingsmønster. Ved utbygging av næringsareal er det viktig at arbeidsplassintensive verksemdar som hovudregel lokaliserast i senter og nær kollektivknutepunkt. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett eit tal på kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast i området.

Meir om friluftsliv

Planområdet grensar til det regionale friluftsområdet Erstadfjellet. Friluftsområdet er registrert med svært viktige marka verdiar. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert teke omsyn til dette i planprosessen. Det er viktig å sikre gode overgangar mellom friluftsområda og areala som er sett av til næring. Vi ber om at det vert sikra gode tilkomstmoeglegheter til friluftsområdet for dei store bustadfelta sørvest for fylkesveg 656, Alvervegen.

Meir om landskap, arkitektur og estetikk

Planområdet ligg innafor det regionale landskapsområdet Tveitavarden- Alversund. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap, arkitektur og estetikk i det vidare planarbeidet. Det er viktig at utforminga av næringsområdet spelar på lag med landskap og terreng og at dette vert sikra i føresegner.

Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på ros, areal- og transport, arkitektur og estetikk, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, landskap, næringsutvikling, kulturminne og kulturmiljø

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Lindås kommune